



Øyriket utanfor Bergen – Sund. Berre 15 minutt vest for Bergen ligg eit øyrike fullt av historie og opplevingar, knytt til fastlandet med bruer. Eit kystområde med store og små øyar, tronge sund og vikar. Eit paradys for dei som likar litt sjøluft, gamle tradisjonsrike handelsstadar og fiskevær.

The Archipelago west of Bergen – Sund. Only 15 minutes by car west and north of Bergen there is a large archipelago rich in historical sites as well modern developments. The largest islands are now connected to the mainland by bridges, but numerous ferries still ply the many fjords past beautiful small islands, narrow sounds and inlets. It is a veritable paradise for those who love the fresh sea air and old harbours and fishing villages.



#### Avstander/Distances:

Bergen - Straume:	18 km
Straume - Fjell - Eide:	17 km
Eide - Spildepollen - Telavåg:	7 km
Spildepollen - Glesvær:	5 km
Eide - Hamre:	4 km
Hamre - Trellevik:	3 km
Trellevik - Losstasjonen:	3 km
Hamre - Klokkekarvik:	9 km
Klokkekarvik - Skogsskiftet:	8 km

#### Reiserute

Frå Bergen sentrum vestover, over Puddefjordsbroen, følg Rv 555 merka Sotra gjennom Damsgårdstunnelen, langs Liavatnet, gjennom Lyderhorn-tunnelen og vidare over Sotrabrua.

Etter Sotrabrua er vi på Lille Sotra i Fjell kommune. Vi køyrer forbi kommunesenteret Straume (1), vidare over Bildøy og gjennom Kolltveittunnelen. Ta til venstre straks etter tunnelen – framleis på Rv555 – fortsett forbi Fjell (2) på Rv555 til Skogsskiftet/Skogsvåg (3). Vidare på Rv555 gjennom svingane ved Kjørølen fram til Eide. Her tek ein til høgre om ein vil vitja kjende Telavåg (4). Vegen deler seg i Spildepollen til høgre mot Telavåg, til venstre mot Glesvær (5).

Tilbake på Rv555 tek vi til høgre sydover forbi Vorland til Hamre. Her kan ein ta ein avstikker til Tofterøy og Trellevik (6). Vidare utover kan



**Sund kommune** utgjer den sørlege delen av øya Sotra. Kommunen har eit areal på 99,3 km<sup>2</sup>. Kystlinja er 110 km lang. Kommunen femner om ca. 466 øyar, holmar og skjer. Det høgste fjellet er Veten, 284 m.o.h. Folke-talet er om lag 5000.

The municipality of Sund encompasses the southern part of the island Sotra. The municipality has an area of some 99,3 km<sup>2</sup> and the coastline is 110 km long. It has approximately 466 islands and skerries, large and small, and the tallest mountain is Veten, with the summit at 284 metres above sea level. The population is about 5000.



Telavåg.

Foto: Willy Haraldsen



Glesvær.

Foto: Willy Haraldsen

#### Route

Drive west from the centre of Bergen, across the Puddefjord Bridge and take Rv555 to Sotra. Continue on Rv555 through the Damsgård tunnel, along Liavatnet, through the Lyderhorn tunnel and on across the large Sotrabrua (Sotra Bridge).

Once past Sotrabrua, you are on the island Lille Sotra (Little Sotra) in the municipality of Fjell. Proceed past the municipal centre in Straume (1), across the island of Bildøy and through the Kolltveit tunnel. Turn left just after the tunnel – you are still on Rv555 – continue past Fjell (2) to Skogsskiftet/Skogsvåg (3). Follow Rv555 through the sharp turns at Kjørølen and on to Eide. The road divides in Spildepollen, and this is where you turn right if you want to see Telavåg (4), famous for its resistance in the last war, and left if you want to see the old fishing village Glesvær (5). When you are back on Rv555, turn right and go south past Vorland to



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

ein ta av mot Viksøy. Der vegen deler seg kan ein parkera langs vegen og gå til fots på vegen til venstre, fram til ein liten, privat parkeringsplass. Her ifrå på sti/veg opp til Losstasjonen (7).

Tilbake på Hamre fortset ein sydover forbi Steinsland, Stranda (sjå tur 41A) og Kleppe. Vi kjem forbi Høyland der vegen svingar nordover mot Klokkarvik (8). Frå Klokkarvik går det ferje til Hjellestad. Retur elles nordover frå Klokkarvik forbi Skogsvåg (9) og tilbake til Skogsskiftet og deretter Rv555 til Bergen.

### Stadar og ymse av interesse:

(1) Straume, kommunesenter i Fjell. Stort kjøpesenter, turistinformasjon, bankar, apotek, spisestad, TAX-FREE butikkar, bussterminal og bensinstasjon.

(2) Fjell, tidlegare kommunesenter. Fjell kyrkje frå 1874 har namn etter Fjell gard som frå gammalt heitte Undir Fjalle – «garden under fjellet». Oppe på fjellet og inne i det, ligg Fjell Festning, bygd av tyskarane i krigsåra 1942-45. Det var ein gigantisk festning, på det meiste skal fleire tusen mann ha vore knytta til festningen. Kombinasjonen av fjernbatteri og nærforsvar gjorde Fjell Festning til den sterkaste i Norden.

(3) Skogsskiftet er kommunesenteret i Sund kommune. Kjøpesenter, bank, postkontor, 2 bensinstasjonar og kro. Særprega bussterminal i gamal byggeskikk.

(4) Telavåg, den vesle bygda heilt vest på Sotra med om lag 400 innbyggjarar, dreiv aktivt hjelpearbeid for nordmenn som måtte flykta over Nordsjøen under krigen, og tok imot agentar frå Kompani Linge som hadde ulike typar oppdrag i det okkuperte Norge. Trafikken vart oppdaga i april 1942 og ein tysk offiser vart skoten og drepen. Som straff vart alle bygningane i Telavåg jamna med jorda og alle innbyggjarane sende vekk, mannfolka til Tyskland og kvinner, gamle og born havna på Framnes. Nordsjøfartsmuseet i Telavåg vart opna 26. april 1998, og tek føre seg Nordsjøfarten med flyktingar og agentar under 2. verdskrig samt Telavåg-tragedien.

(5) Handelsstaden Glesvær vart etablert av Abraham Wessel på slutten av 1600-talet. Abraham Wessel som var bestefar til Tordenskjold, hadde privilegium frå danskekongen til å driva handel ute ved havet, og bygde seg opp til å eiga store eigedomar i Sund kommune. Våningshuset på Glesvær har lik byggestil som dei bergenske borgarhusa frå 17-1800-talet.

(6) Trellevik Kystkultursenter representerer eit autentisk sjøbruksmiljø. Anlegget er restaurert og vert m.a. nytta til undervisningsfremål. Sund kommune er eigar av anlegget. «Bygnaden» er ei 200 år gammal saltebu bygd i same stil som sjøbuene i Sandviken i Bergen. «Skjenkestova» er servicebygget med kjøkken, toalett/dusj. «Jektehuset» er fullt rehabilitert som grindabygg.

(7) Losstasjonen. Frå den vesle loshytta er det eit fantastisk skue ut mot Marsteinen Fyr og over krossfjorden mot Austevoll. På ein klår dag kan ein sjå Folgefonna i aust.

(8) Klokkarvik, bygdесentrum. Sund kyrkje i Klokkarvik har alltid vore seglingsmerke ved innseglinga til Bergen. «Gamlekyrkja» brann i 1994. Nye Sund kyrkje vart vigsla 18. mai 1997 og viser godt frå sjøen, der ho liknar på eit fyrtårn.

Frå Klokkarvik går det ferje til Hjellestad, og der ifrå Rv556 mot Bergen. ferjeturen er ei fin avveksling frå bilkøyning. Turen går innom Lerøy og forbi den gamle handelsstaden Bukken. Retur elles: Sjå under reiserute.

(9) Skogsvåg. Ein av dei to kvalvågane i Sund kommune. I opninga inn til vågen ligg der ein holme kalla Stekholmen. Kvalen gjekk inn forbi holmen og utgangen vart stengd med «stek» i sjøen mellom holmen og land. Veidemåten og reglane for korleis kvalen skulle delast, følgde eldgamle tradisjonar.

Hamre. Here you can make a detour to Tofterøy and Trellevik (6). Still further out you take to the right, on the road to Viksøy. Park the car where the road divides, and follow (walk) the road to the left to a small, private parking place. From here follow a small path/road to the right up to Losstasjonen (the pilots' station)(7).

When you return to Hamre, continue south past Steinsland, Stranda (see tour 41A) and Kleppe. Past Høyland the road turns north to Klokkarvik (8). From Klokkarvik return to Skogsskiftet and follow Rv555 to Bergen.

### Places and points of interest:

(1) Straume, the centre of Fjell Municipality with a large shopping mall with tourist information, banks, chemists, restaurant, TAX-FREE shops, bus terminal and petrol station.

(2) Fjell is the former municipality centre and has a lovely church from 1874. The village is named after the old farm Fjell, which in the old days called "Undir Fjalle", or "Under Fell" in English. On top of the mountain, and in tunnels inside it, you find Fjell Festning, a defence installation from the years 1942-45. It was a gigantic fortification: several thousand German soldiers were stationed here. A combination of far-reaching cannon and proximity defence made the Fjell fortifications to one of the strongest in Northern Europe.

(3) Skogsskiftet is the administrative centre in the municipality of Sund, and a shopping centre. The bus terminal is built along traditional lines but still functions as a modern facility.

(4) Telavåg is a small settlement on the West Coast of Sotra with approximately 400 inhabitants. The village assisted many Norwegian resistance people fleeing the Gestapo during the war, and furnished shelter and transportation across the North Sea. They also received agents from the England based resistance unit Company Linge on various assignments in occupied Norway. This activity was discovered by the Gestapo in April in 1942, and the entire village was levelled with the ground. Nordsjøfartsmuseet i Telavåg was opened on the 26<sup>th</sup> of April 1998, and shows how the secret transportation was carried out, and the ensuing tragedy as well.

(5) The trading village Glesvær was established by Abraham Wessel towards the end of the 16-hundreds. Abraham Wessel was the grandfather of Peter Wessel Tordenskjold who broke the British blockade of Denmark/Norway a hundred years or so later. He (Abraham) had permission from the Danish king to engage in commercial activities along the coast, and amassed large holdings in the Sund area. The main building at Glesvær reflects the style of the wealthy trading houses in Bergen during 18<sup>th</sup> and 19<sup>th</sup> Centuries.

(6) Trellevik Kystkultursenter represents the authentic coastal culture. The facility was restored some years back and is now used for educational purposes and is owned by Sund Municipality. "Bygnaden" is a 200 years old salting shed constructed just like the old wooden warehouses in Sandviken in Bergen. "Skjenkestova" is now a service facility with kitchen, toilet and shower. "Jektenaustet" is a fully restored boathouse in the old "frame" construction.

(7) Losstasjonen (the pilots' station). From the small pilots' hut there is a magnificent view of Marsteinen Fyr and across Krossfjorden to Austevoll. To the east, on a clear day, you can see the Folgefonna glacier.

(8) Klokkarvik is an old community centre, and Sund Kyrkje in Klokkarvik has always been a popular landmark for mariners on their way in to Bergen. The old church burned down in 1994 and it might not be entirely accidental that the new church looks a bit like a lighthouse.